



Røysterett for alle syng med Aleeksander Rebaudo som solist - han står lengst til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I morgon reiser songarane i Røysterett for alle til Skånevik på eit to dagars seminar. Koret har to viktige oppgåver denne våren, CD-innspeling og tur til Gardasjøen i Italia.**

CD-innspelinga i april omfattar eit utval av det beste koret har framført dei siste ti åra.

Ei eiga kompegruppe med pianisten Frode Kaldestad i spissen skal og vera med i Skånevik.

Turen til Italia er lagt opp av SABRA-tur og har avreise 16.juni.

I området ved Gardasjøen skal Røysterett for alle ha egne konsertar.

Koret sin faste musikalske leiar, Maria Malmsten, skal sjølv sagt vera med på turen.

Ho var for kort tid sidan med Rosendal Songlag på den same turen.

Noko av dette programmet vert framført på konsert i Helgheim 19. mars.